

*Bør Børson jr.*

## Bergstaddiktaren

☞ Johan Falkberget kom frå fjellbyen Røros og har på ein glimrande måte gjort heimstaden og gruvedrifta der levande gjennom diktinga si. Namnet hans er uløseleg knytt til bergstaden.

☞ Han var sjølv gruvearbeidar i barndommen og ungdommen og levde eit strevsamt liv med hardt fysisk arbeid. For å få tankane bort frå hardt kroppsarbeid gjekk han i gang med å skrive. Han skreiv om bergmannens liv og det han sjølv hadde opplevd, han skildra det umenneskelege slitet i gravene og korleis arbeid-arane vart utnytta av gruveeigarane.

☞ Falkberget skreiv først føljetongar i lokalavisa Fjell-Ljom og publiserte nokre forteljingar i bokform. I 1907, same år som Olav Duun, Sigrid Undset og Herman Wildenvey gav ut dei første bøkene sine,



Johan Falkberget om arbeidet i gruva som barn.

Foto: NTB / Scanpix

kom romanen *Svarte fjelde*. Med denne boka fekk Falkberget sitt litterære gjennombrot. Romanen handlar om livet og slitet til gruvearbeidarane i bergstaden, eit tema han heile tida skulle vende tilbake til.

# Historieforteljaren

✎ Falkberget blir rekna for ein av dei store historisk orienterte forfattarane frå 1920- og 1930-åra, og som nyrealist prøvde han å forstå samtida ved å gjen-skape fortida.

✎ 1920-åra var tiåret for den historiske romanen. Tida kravde ei anna skildring av verda enn den nyromantikarane hadde stått for. Bakgrunnen for den endra hald-ninga og den nye skrivemåten blant for-fattarane var fleire sentrale hendingar, som unionsoppløysinga i 1905, den første verdskrigen (1914–1918), revolusjonen i Russland i 1917 og ikkje minst den auk-ande industrialiseringa og framveksten av ein radikal arbeidarklasse.

✎ På same tid som Sigrid Undset skreiv mellomalderromanar og Olav Duun skreiv om ætter fire hundre år attende i tid, sette



*Johan Falkberget viser fram eit gammalt borehol frå gruvene på Røros, laga omkring 1730. Foto: NTB / Scanpix*

Johan Falkberget søkjelyset på norsk arbeidarhistorie.

## Den fjerde nattevakt

☞ Eit hovudverk av Falkberget er romanen *Den fjerde nattevakt* frå 1923.

**i** Handlinga er lagd til tidleg på 1800-talet, og hovudpersonen er presten Benjamin Sigismund, som kjem på kant med dei fleste i kyrkjelyden.

☞ Presten er hovmodig og stridig og skal røyne mykje motgang før han i sanning blir ein prest for folket. I tillegg utviklar han eit kjærleiksforhold til Gunhild, ei ung kvinne frå bergstaden, enda både han sjølv og Gunhild er gifte. Det endar med at kona til Benjamin døyr og mannen til Gunhild tek sitt eige liv.

☞ *Den fjerde nattevakt* er ei vakker forteljing om kjærleik, men det er også ei forteljing om menneskeleg påkjenning og lidning, kort sagt ei forteljing om livets skule.



*Den fjerde nattevakt* på Trødelag teater i 1994.  
Foto: Ned Alley / Scanpix



Inge Eidsvåg om  
*Den fjerde nattevakt*

## To mektige historiske romanseriar

☞ Dei mest ruvande verka til Johan Falkberget er dei to historiske romanseriane *Christianus Sextus* (1927–1935) og *Nattens brød* (1940–1959).

☞ Med trebindsverket *Christianus Sextus* går Falkberget tilbake til 1700-talet. Det strøymer arbeidarar til Røros, mange av dei svenske, for å arbeide i gruva som har fått namn etter kongen: Christian den sjette (Christianus Sextus på latin). Dei fleste har vandra over fjellet



til Røros for å søkje arbeid. Her er sterke skildringar av hardt kroppsarbeid i gruv-ene, fattigdom, svolt og undertrykking.

☛ Falkberget gjorde grundige studiar i lokalsamfunnet før han skreiv trilogien, og han sette seg godt inn i alle historiske detaljar. «Ikkje noko i miljøet må vere gale», sa Falkberget, «ikkje noko må hende som ikkje kunne vere hendt.» *Christianus Sextus* er ein romanserie om fattigdom, svolt og nød i ei krisetid, og ein viktig del av norsk arbeidarhistorie.

☛ Det andre store romanverket til Falkberget, *Nattens brød*, omfattar fire bind som kom ut i tidsrommet 1940 til 1959. Også desse bøkene byggjer på grundige historiske studiar. Forfattaren går her heilt tilbake til 1600-talet for å vise korleis gruvearbeidarane på Røros har vore med på å skape tidleg arbeidarhistorie.

☛ I *Nattens brød* er det først og fremst kvinnene som er slitarane, og handlinga er lagd til Gauldalen nord for Røros, der den første gruvedrifta tok til. Gjennomgangs-



Liv Ullmann under inspelninga av filmen *An-Magritt* på Røros i 1968. Foto: Erik Thorberg / NTB / Scanpix

figuren i bøkene er ungjenta An-Magritt, som køyrer malm med okse og slede over vidda fram til smeltehytta. Det er ei sterk historie om ei jente som er komen til verda som eit resultat av valdtekt, og der mora tok sitt eige liv etter å ha fått kyrkje-tukt og måtta stå i gapestokken.

## *Bør Børson jr.*

☛ I 1920-åra var Arbeidarpartiet det største politiske partiet, og Johan Falkberget var ein profilert støttespelar for arbeidarrørsla. Mellom anna skreiv han i Hvepsen, eit humoristisk og satirisk skjemteblad som kritiserte det borgarlege samfunnet.

☛ I 1920 kom *Bør Børson jr.*, ei ustyrlig morosam og satirisk forteljing om jobbetida under første verdskrigen. Historia hadde først gått som føljetong i Hvepsen. Enda større suksess fekk *Bør Børson jr.* da serien vart gitt ut i bokform. Falkberget teiknar eit satirisk bilete av jobbetida med børsspekulasjonar, svindel, oppkomlingar og konkursar. Her får spekulantane gjennomgå for at dei tente store pengar på andre si ulykke i skuggen av verdskrigen.



Paul Ottar Haga som  
Bør Børson jr.  
Foto: Berit Roald  
/ Scanpix



Paul Ottar Haga spela rolla som Bør Børson på Det Norske Teatret i 2001. Rolv Wesenlund var Gammel-Bør.

Foto: Knut Erik Knudsen / Scanpix

☞ Bør Børson er stormannsgalen og ein naiv oppkomling med ufortent mykje flaks, men vi får samstundes sympati med han. Den dumsnille ungkaren frå Olderdalen driv landhandel og reiser ofte på handelsturar til Trondheim. Her blir han lokka både av sjarmerande jomfruer og av innpåslitne aksjespekulantar.

☞ Forteljinga om Bør Børson er framleis ein populær folkekomedie. Alt i 1929 vart forteljinga dramatisert, og i 1938 vart det

laga norsk film med Toralf Sandø i rolla som Bør. I 1972 kom musikalversjonen på Det Norske Teatret med Harald Tusberg som regissør og musikk av Egil Monn-Iversen. Rolv Wesenlund spela Bør Børson, og stykket hadde ein enorm suksess. Det førte til at det vart laga film med dei same skodespelarane i 1974.

☞ Seinare har fleire amatørteaterlag rundt om i landet sett opp Bør Børson på lokale scener.



Frå ei oppsetjing i regi av Ung i Valdres i 2008



Bør Børson sett opp av Narvik teaterlag



## Avismann, redaktør og politiker



*Johan Falkberget på kontoret i 1962. Foto: Sverre A. Børretzen / Aktuell / Scanpix*

✎ Falkberget skreiv mykje gjennom eit langt liv, og han sa sjølv på sine eldre dagar at han hadde produsert meir som journalist enn som skjønnlitterær forfattar.

✎ Han starta som journalist i Røros-avisa Fjell-Ljom. Seinare vart han redaktør for sosialistiske aviser, først Nybrot i Ålesund, deretter Smaalenenes Social-

Demokrat i Fredrikstad. Falkberget var også aktiv skribent i fleire tidsskrift som hadde tilknytning til arbeidarrørsla.

✎ Etter at han flytte heim til Røros i 1922, heldt han fram med ein omfattande journalistisk produksjon, kom med i lokalpolitikken og var varaordførar i to periodar. I 1930-åra var Falkberget også stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet i Sør-Trøndelag, men han sa sjølv at han likte seg betre som skribent enn som rikspolitiker.

✎ Falkberget hadde eit kriste livssyn, og dette verdisynet kom tydeleg fram i det han skreiv. Her forfekta han ein kristen etikk kombinert med eit sosialistisk samfunnssyn.

✎ Mange meinte at Falkberget fortente nobelprisen i litteratur, og i 1949 fekk han overrekt «Det norske folks fredspris». 165 000 kr hadde vorte samla inn, ein svært stor sum den gongen.

